

Oktober Forlag A/S  
Boks 6848, St. Olavspl.  
0130 OSLO

Side: 1  
Totalt antall sider: 3

mrk. oktober forlag.

Kontakt:  
Kundeservice  
Tlf: +47 23 00 25 00  
Fax: +47 23 00 25 01  
info@observer.no

**Fædrelandsvennen**  
Seksjon: Del 2  
Dato/nr: 04.11.2002  
Redaktør: Finn Holmer Hoven  
Telefon: 38 11 30 00  
Kilde type: Avis 3 - regionaviser  
Utgiversted: Kristiansand  
Fylke: Vest-Agder  
Frekvens: 6/uke  
Opplag: 45.794  
Lesere: 115.000  
Artikkelareal: 825 cm<sup>2</sup>  
Side: 23



# Intenst – om kjærleik og død

## BOOK

Forfattar: Linn Ullmann  
Tittel: NÅDE  
Roman  
Forlag: Oktober

► **Ein heilt suveren roman. Det er berre å gje seg over.**

70 år gamal får Johan Sletten vite at han er dødssjuk. Den tidlegare kulturjournalisten blei pensjonist over natta etter å ha kopiert ein utanlandsk bokomtale. Han lever i eit lykkeleg ekteskap med den andre kona si, Mai, som er monaleg yngre enn han – og lege. Det første ekteskapet var ulykkeleg. Sonen han har med ho har han ikkje kontakt med. Gjennom heile romanen let forfattaren hovudpersonen sin minnast godt og vondt frå livsløpet. Det har, i høg grad, vore nokså ordinært. «Sletten» som etternamn er velvalt, han har vore eit menneske på det jamne. Ein annan raud tråd gjennom boka er kjærleiken mellom dei to. Han undrar seg stadig over at ho kan

vere glad i han, men inst inne veit han at ho er det. La meg minne om Tor Jonsons ord: «Var eg ein Gud, ville eg skape kjærleik og død, berre kjærleik og død.»

Johan skjønar ikkje kvifor nettopp han må døy slik. Ikkje har han røykt, ikkje har han drukke noko særleg, varsam har han vore i trafikken – i det heile tatt, kvifor? Gjennom rundt 160 sider følgjer vi hovudpersonen gjennom oppturar og nedturar, inn og ut av sjukehuset, på ein svipptur til Sverige og hytta, ein tur som må avbrytast brått på grunn av sjukdommen. Som eit bakteppe heng minnet om korleis faren døydde, ulande av smerte, tilgrisa av si eiga avføring. Denne skildringa er noko av det sterkaste eg har lese. Eg synst nesten eg kjende stanken, at eg høyrde ulinga. Eit minne Johan ikkje greier å kvitte seg med.

Han vil ikkje oppleve ein slik død. Han har ei kone som er lege, og som han heilt frå

starten av trøystar seg med at kan hjelpe han. Det blir meir påtrengande etter kvart, han held på til Mai gjev etter og lovar å hjelpe han når tida er inne. Og likevel, så enkelt er det sjølvsagt ikkje. Så lenge Johan er klår går diskusjonen mellom dei to. Spørsmålet om aktiv dødshjelp, er og blir vanskeleg.

Kva Mai til slutt gjer eller ikkje gjer, det skal vere usagt, men at denne romanen kjem til å vekke debatt, det er eg temmeleg sikker på. Det bør ho også.

Litterært er boka – etter mi meining – svært sterk. Eg høyrer med blant dei som tidlegare har meint at Linn Ullmann har fått i meste laget gratis på grunn av kjendisstatusen, men med denne romanen er det berre å gje seg over. Forfattaren skildrar dagane, vekene og månadene fram mot slutten så intenst at det sitrar. Eg synst det er ufattelig at eit så ungt menneske –

151

6  
BRS



0011 000005 1  
Signatur 1101-B10

**Observer**  
MEDIA INTELLIGENCE

Observer Norge AS  
Lilletorget 1  
N-0184 Oslo, Norway

Tel: +47 23 00 25 00  
Fax: +47 23 00 25 01

info@observer.no  
www.observer.no



Oktober Forlag A/S  
Boks 6848, St. Olavspl.  
0130 OSLO

Side: 2  
Totalt antall sider: 3

nrk. oktober forlag.

Kontakt:  
Kundeservice  
Tlf: +47 23 00 25 00  
Fax: +47 23 00 25 01  
info@observer.no

**Fædrelandsvennen**  
Seksjon: Del 2  
Dato/nr: 04.11.2002  
Redaktør: Finn Holmer Hoven  
Telefon: 38 11 30 00  
Kilde type: Avis 3 - regionaviser  
Utgiversted: Kristiansand  
Fylke: Vest-Agder  
Frekvens: 6/uke  
Opplag: 45.794  
Lesere: 115.000  
Artikkelareal: 825 cm<sup>2</sup>  
Side: 23



151


6  
BRS

Linn Ullmann er 36 – kan ha eit slikt innsyn i noko så vanskeleg og hesleg som døden. Det er, naturleg nok, ikkje humor som pregar denne romanen, men jammen finst det ein del skeive smil også.

Også i dei tidlegare bøkene har Linn Ullmann vist at ho språkleg er god. I denne romanen er ho ikkje til å tru! Det gnistrar, det ulmar – og det lever. Til no er dette den, heilt suverent, beste romanen eg har lese i haust.

**Bjarne Tveiten**

**NÅDE:** Linn Ullmann har skriva om ein pensjonist og hans kjærleik til si andre kone, ein sterk historie.



0011 0007005 1 Signatur 1101-90

  
**Observer**  
MEDIA INTELLIGENCE

Observer Norge AS  
Lilletorget 1  
N-0184 Oslo, Norway

Tel: +47 23 00 25 00  
Fax: +47 23 00 25 01

info@observer.no  
www.observer.no

